



## MØTEBOK

### Inntektssystemet for kommunane - høyringsvar frå Fitjar kommune

Utval sak	Utval	Møtedato
104/22	Formannskapet	30.11.2022
58/22	Kommunestyret	14.12.2022

#### Vedlegg:

- 1 Naturressurskommunene - høyringsuttale

#### Bakgrunn:

Ein viser til høyringsbrev frå Kommunal- og distriktsdepartementet 19. september 2022 med frist for høyringsinnspel til NOU 2022:10 – Inntektssystemet for kommunene – til 22. desember 2022.

I brev dagsett 11. november 2022 vart høyringsfristen utsett til 4. januar 2023.

Lenkje til NOU 2022:10: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2022-10/id2925606/>

#### Vurdering:

Tida fører med seg samfunnsutvikling der både behov og oppgåveløysing endrar seg. Inntektssystemet til kommunane må endra seg i takt med denne utviklinga. NOU'en viser at det er tid for å gjera endringar i inntektssystemet.

Vurderinga vidare vert delt i to deler; ein som gjeld skatt og skatteutjamning, og ein som går på rammetilskotet.

#### Rammetilskot

##### Kriterium

Fitjar kommune ser positivt på arbeidet som er lagt ned i å finne nye kriterium som betre samsvarar med utgifter i kommunane, og vektinga av desse. Det hender at einskildkommunar kan få svært store utslag på eit kriterium frå eit år til den neste. Fitjar ber difor om at kriteria vert vurdert opp mot hyppigheit av ekstreme utslag. Dersom hyppigheita er stor, bør ein vera varsam med å bruke kriteriet.

To av kriteria vil ein kommentere særskild:

Basiskriteriet (Strukturkriteriet) er det kriteriet utvalet meiner treng betre utgreiing. I dag nyttar ein avstand til 5000 innbyggjarar. Utvalet foreslår å endre dette til det dobbelte av talet på innbyggjarar, med eit tak på 10000 innbyggjarar (alle kommunar over dette skal bereknast med avstand til 20000 innbyggjarar).

Utvalet er ikkje konsekvent i argumentasjonen for endringa, samstundes som grensa på 25,7 km ikkje er vurdert.

I praksis vil kommunar under 2500 innbyggjarar få ein lågare score, medan større kommunar vil få høgare score, samstundes som totalscore for landet vil auke. Endringa vil difor føre til at mellomstore kommunar vil få meir tilskot som dei minste kommunane betalar for.

Fitjar kommune ber om at endringa vert lagt bort eller utgreidd betre.

Psykisk utviklingshemma over 16 år vert vekta ned mykje. Utvalet viser til at reduksjonen vil gje auka utgifter til toppfinansiering av ressurskrevjande tenester. (For vidare vurdering vert det lagt til grunn at endringa i seg sjølv skal vera nøytral i høve til bevilling, og at meirutgifta til ressurskrevjande tenester vert dekkja av same reduksjon i rammetilskotet.) Framlegget fører til at utgiftene på denne gruppa vert vektlagt, i motsetnad til talet i gruppa, slik det er i dag. Denne endringa vil gje ei sterkare knyting til kommunar sitt utgiftsbehov, enn dagens ordning. Det er i tråd med føremålet i NOU'en.

#### *Regionalpolitiske tilskot*

Utvalet sin tilråding er å ta i bruk ny distriktsindeks, samt å justere grenseverdiar og satsar i tilskota.

I dagens distriktsindeks har Fitjar (med våre 3158 innbyggjarar per 1. juli 2022) ein verdi på 61. Dette er same verdi som til dømes Arendal med sine 45 500 innbyggjarar. Fleire vil sjå det som ein urimeleg påstand at Fitjar og Arendal har likestilte distriktsutfordringar.

I ny indeks, og med nye grenseverdiar, vert Fitjar vurdert som ein distriktskommune med distriktsutfordringar. Dette er noko ein kan kjenne seg att i.

Fitjar kommune ser denne endringa som svært viktig.

Framlegg til endringar i die ulike regionalpolitisk tilskota har mindre betydning for kommunen, men ein registrerer at framlegga frigjer midlar til innbyggjartilskotet.

#### *Tilskot etter særskilt fordeling (inkl. tilskot per grunnskule)*

Fitjar kommune er i all hovudsak einig med utvalet si vurdering om å avgrensa bruken av særskilt fordeling, også når det gjeld tilskot per grunnskule. Denne måten å fordele rammetilskot på, grip inn i kommunane sin rett til sjølvbestemmelse.

På den andre sida legg utvalet lite vekt på den positive effekten slik tildeling kan ha. Den nasjonale satsinga på helsestasjon og skulehelseteneste, som varte over nokre år, gav særskilt fordeling små kommunar moglegheit til å delta. Ekstramidlane, om dei vart gjeve i innbyggjartilskotet, ville vore for små til å ha betydning. Tilskot etter særskilt fordeling var ein føresetnad for at små kommunar kunne ta del. Me er einige i at slike tilskot kan fasast ut av ordninga etter kvart.

### **Skatt og skatteutjamning**

#### *Utjamning på deler av eigedomsskatten*

Utvalet foreslår å ha ein ny utjamningsordning for eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskatteregel for petroleum, i tillegg til konsesjonskraft og havbruksinntekter, der desse vert utjamna med 10 %. Ein stor del av eigedomsskatten i Fitjar er frå slike anlegg.

Fitjar kommune støttar Naturressurskommunene sin uttale (vedlagt). Uttalen har følgjande hovudpunkt:

- Utvalet sitt forslag inneber meir statleg styring og mindre lokaldemokrati
- Utvalet sitt forslag truar det grøne skiftet og framskundar sentraliseringa
- Utvalet sitt forslag inneber ei overføring frå distriktskommunane til dei mest og nest mest sentrale kommunane
- Kommunane si konsesjonskraft er ein kompensasjon – yting mot yting – for naturressursavståing, ikkje ei skatteinntekt
- Utvalet forskjellsbehandlar vertskommuneinntekter og eigarinntekter frå same kraftanlegg
- Naturressurskommunane sine inntekter utgjjer berre 1 pst av kommunane sine samla inntekter

- Utvalet punkterer eit viktig prinsipp og skaper usikkerheit, uføreseielegheit og motstand mot nye, grønne utbyggingar
- Utvalet viser til utredningar som ikkje vil bli følgd opp, og overser samtidig Distriktsnæringsutvalet og Demografiutvalet sine anbefalingar
- Utvalet undergrev viktige prinsipp nedfelt i Hurdalsplattforma
- Utjamning av eigedomsskatteinntekter for nokre skatteobjekt og ikkje alle, og til kommunar som ikkje eingong har innført eigedomsskatt, er sterkt urimeleg
- Norske kommunar har allereie liten grad av lokal beskatningsfridom

Fitjar kommune støttar ikkje dette framlegget.

#### *Fridom til å sette skattesatsar*

Utvalet meiner at handlefridomen for eigedomsskatten bør førast tilbake til same nivå som i 2019. Satsar for bustad og fritidsbustad føl dei generelle reglane i eigedomsskattelova; Satsar mellom 1 og 7 promille utan nasjonal bestemd reduksjonsfaktor.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gje slikt høyringsvar:

1. Fitjar kommune støttar nye kriterium i inntektsutjamninga, med unntak av endringa i basiskriteriet.
2. Fitjar kommune støttar endringane i kriteriet Psykisk utviklingshemma over 16 år saman med auke i tilskot til ressurskrevjande tenester.
3. Fitjar kommune støttar å ta i bruk ny distriktsindeks.
4. Fitjar kommune går mot utjamning på deler av eigedomsskatten

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 30.11.2022**

#### **Behandling:**

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om saka.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre slikt framlegg til høyringsuttale:

Kommunestyret i Fitjar meiner at verdier som skapes i Fitjar kommune i større grad enn i dag skal være igjen i kommunen og ikkje sendes til Finansdepartementet for omfordeling. Kommunestyret er derfor skeptisk til anbefalingene fra NOU-en «Inntektssystemet til kommunene» om at inntekter fra konsesjonskraft, havbruk og eiendomsskatt på kraftanlegg skal være en del av inntektsutjevningen. Kommunestyret i Fitjar er opptatt av det lokale selvstyret og er derfor negativ at utvalget ønsker å fjerne kommunen sin rett til å endre på skattesatsene for inntekt og formue. Kommunestyret i Fitjar ønsker ikkje at lov om eiendomsskatt skal gi rom for kommuner å øke satsene fra dagens 4 promille tilbake til 7. Husholdningene har i dag store utfordringer med strøm, drivstoff og matpriser pluss en økende rente så økning av eiendomsskatten på toppen av dette vil være svært uheldig for vanlige folk. Kommunestyret i Fitjar mener også at veksttilskuddet skal opprettholdes.

Formannskapet drøfta saka.

Ved røysting fekk kommunedirektøren sitt framlegg 3 røyster (KRF, SP og AP), framlegget frå Maraas (FRP) fekk 2 røyster (FRP og uavh.), og fall.

Det ligg etter dette føre slik tilråding til kommunestyret:

#### **Vedtak:**

1. Fitjar kommune støttar nye kriterium i inntektsutjamninga, med unntak av endringa i basiskriteriet.
2. Fitjar kommune støttar endringane i kriteriet Psykisk utviklingshemma over 16 år saman med auke i tilskot til ressurskrevjande tenester.
3. Fitjar kommune støttar å ta i bruk ny distriktsindeks.
4. Fitjar kommune går mot utjamning på deler av eigedomsskatten

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.12.2022

### Behandling:

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre slikt framlegg til høyringsuttale:

Kommunestyret i Fitjar meiner at verdier som skapes i Fitjar kommune i større grad enn i dag skal være igjen i kommunen og ikkje sendes til Finansdepartementet for omfordeling. Kommunestyret er derfor skeptisk til anbefalingene fra NOU-en «Inntektssystemet til kommunene» om at inntekter fra konsesjonskraft, havbruk og eiendomsskatt på kraftanlegg skal være en del av inntektsutjevningen. Kommunestyret i Fitjar er opptatt av det lokale selvstyret og er derfor negativ at utvalget ønsker å fjerne kommunen sin rett til å endre på skattesatsene for inntekt og formue.

Kommunestyret i Fitjar ønsker ikkje at lov om eiendomsskatt skal gi rom for kommuner å øke satsene fra dagens 4 promille tilbake til 7. Husholdningene har i dag store utfordringer med strøm, drivstoff og matpriser pluss en økende rente så økning av eiendomsskatten på toppen av dette vil være svært uheldig for vanlige folk. Kommunestyret i Fitjar mener også at veksttilskuddet skal opprettholdes.

Kommunestyret drøfta saka.

Ved røysting fekk formannskapet sitt framlegg 14 røyster, mot 3 røyster (FRP, uavh.)

### Vedtak:

1. Fitjar kommune støttar nye kriterium i inntektsutjamninga, med unntak av endringa i basiskriteriet.
2. Fitjar kommune støttar endringane i kriteriet Psykisk utviklingshemma over 16 år saman med auke i tilskot til ressurskrevjande tenester.
3. Fitjar kommune støttar å ta i bruk ny distriktsindeks.
4. Fitjar kommune går imot utjamning på deler av eigedomsskatten

Gjermund Hagesæter  
kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*